

## Høyring om det offentlege grunnskuletilbodet i Lesja kommune

Vi viser til høyringa om nedlegging av den offentlege skulen for 1.–7. trinn ved Lesjaskog skule.

Vi stiller oss positive til nedlegginga av den offentlege skulen på Lesjaskog.

Bakgrunn:

Nedlegginga av ungdomstrinnet (8.–10. klasse) vart gjennomført som eit innsparingstiltak hausten 2025.

Etter Grunnlova § 104 og Barnekonvensjonen artikkel 3 skal barnets beste vere eit grunnleggjande omsyn i alle avgjerder som vedkjem barn, mellom anna når det gjeld konsekvensar som vesentleg lengre skuleveg og redusert tilknytning til nærmiljøet.

Det har vore stor motstand mot flyttinga av ungdomsskulen. Samstundes ser vi no ei brei mobilisering for å etablere eit nytt skuletilbod: Fjellnær friskule (1.–10. trinn).

- Elevane og foreldra vil sleppe den stadige uvissa om flytting.
- Elevane kan bruke meir tid og krefter på læring, og sleppe å tilpasse seg stadig nye miljø.
- Det blir betre tid til fritidsaktivitetar.
- Skulen er ein viktig møteplass i bygda.
- Det blir meir attraktivt for barnefamiliar å flytte til bygda.
- Skulen si tilknytning til bygda skaper engasjement, også blant besteforeldre, og styrkjer dugnadsanda, noko som er viktig i ei lita bygd som Lesja.
- Det er brei lokal støtte til friskulen, og forventningar om oppstart av Fjellnær friskule hausten 2026.
- Lesja kommune vil gjennom denne etableringa spare betydelege beløp årleg, noko som også var ei av grunngevingane for flyttinga av ungdomsskulen hausten 2025.
- Dette er folket sitt ønske, noko som har kome tydeleg fram gjennom spørjeundersøkingar, andelskjøp, og uttalar som vart sende inn til Utdanningsdirektoratet i samband med søknadsprosessen.
- Etablering av friskulen kan bidra til vekst. Nye tilflyttarar kan bli buande og på sikt trekkje til seg fleire innbyggjarar, styrkt av eit meir positivt omdøme.

Arne og Ann Karin Thøring

